

HAREID ROTARY KLUBB



MÅNADSBREV

JANUAR 2007.

ÅRGANG 42

DISTRIKT 2280

Møtedag:	Månd. kl 18.00 - 19.00
Møtestad:	Klubbhuset til Hareid IL 6060 Hareid
President:	Hans Gisle Holstad
Visepres.:	Åge Nytun
Sekretær:	Trygve Riise
Kasserar:	Johs. J. Hareide
Past pres.:	Arve R. Røyset
Styremedlem:	Johan Ole Brandal
Styremedlem:	Oddvar Haugen
Ansv. red.:	Sverre Bjåstad
Referent:	Oddvar Haugen

Fødselsdagar i januar:

Holstad Hans Gisle	07.01.1945
Kleppe Svein Egil	05.01.1942
Riise Anders	21.01.1969
Riise Vigdis	14.01.1945

100% frammøte januar:

Johan Ole Brandal, Hallkjell Dale, Håkon Eidsvik, Aud Grimstad, Sigbjørn Haddal, Johs. J. Hareide, Hans Gisle Holstad, Arne Lillebø, Jarle Kristiansen, Ågot Riise, Bjørn Teigene, Svein Flø, Jarle Klungsøy, Egil Utgård

Frammøte i jan.: 78,7%

En mann og hans pus.

Alt kan du ta fra en mann:

Du kan sette hans hus under vann.

Du kan legge hans hus og hans verden i grus (så han ikke har midler til to flasker brus), men du kan ikke skille en mann og hans pus.

Alt kan du ta fra en mann

Med plyndring og herjing og brann.

Ja alt han har hatt, kan bli stjålet og tatt (i stats- og kommune og sjørøverskatt), men du kan ikke skille en mann og hans katt.

Alt kan du ta fra en mann!

Du kan trekke hans nest siste tann.

Du kan røve hans ånds og hans legems fonds, (så hans ånds mange tons uten fonds går til bånns), men du kan ikke skille en mann og hans Mons.

Alt kan du ta fra en mann:

Du kan drikke ham fra hans forstand, Og slå ham konkurs med tolv flasker Fuhrs, (så hans rus blir en rus som må uttales rusch), men du kan ikke skille en mann og hans pusch!

André Bjerke

Månadsbrev for Hareid Rotaryklubb – januar 2007.

Referent: Oddvar Haugen

Møte 8. januar.

Presidenten opna første møtet i det nye året med å ynskje alle vel overstått Jul og Godt Nytt år. Opningssongen på dette møtet var Eg veit ei bygd der inne til ære for Marie Lovise Widnes Johansen som var kveldens kåsør.

Songmeisteren meinte at om songen hadde utgangspunkt i Sykkylven, passa det likevel godt, sjølv om Marie Lovise er frå Vanylven.

Medlemmer som har fødselsdag i januar fekk som vanleg sin velfortjente applaus, før presidenten minnte på at det no var på tide å tenke på fleire nye medlemmer i klubben.

Det var planlagt at klubben skulle få besøk av guvernøren 22. januar, men helsa hans er dessverre framleis ikkje god, og han har meldt frå at han ikkje kan kome.

Anders presenterte programmet for dei neste tre månadane, og oppfordra medlemmene til å fylgje med på Internettida til klubben for oppdateringar. <http://www.hareid.rotary.no>



Før kveldens kåsør Marie Lovise Widnes Johansen fekk ordet fekk ho blomster og ære frå klubben då ho i fjor haust vart tildelt Kongens fortjenestemedalje i gull. Denne fekk ho for kulturelt og politisk arbeid.

Marie Lovise heldt foredrag om juletradisjonar og ramer om livet i før- og etterjulstid frå eigen oppvekst.

Ho anbefalte Draumkvedet for å få ei forståing av korleis gammal og ny tru og tradisjon vart blanda i hop.

Siste søndagen før jul vart kalla skitnesøndag. Denne søndagen var det lov til å arbeide. Ho fortalte her ei historie om at reinhaldet ikkje alltid var det beste. I eit høve vart det brukt spade får å få ut den verste lorten, som ho sa, før ny halm vart lagt utover.

Marie Lovise meinte at tradisjonane kring jula bl.a. har vokse fram på grunn av tilhøva om mat. Tida før jul i hennar oppvekst var ei sparetid. Dette var for at dei skulle lære seg å sette pris på det gode som vart servert både til jul og i juldagane.

Maten på julafesta var færeribbe. Ho kunne fortelje at blant anna ein av måtane færeribba vart tilberedt på, var at den vart steikt over open eld i grua. Ho trudde at den då kanskje kunne verte noko seig, men tradisjon er tradisjon.

Av julekaker var det mindre i gammal tid av di dei ikkje hadde omn til å steike slikt i. Det var ikkje vanleg med bakst av slikt slag før det kom komfyr på gardane. Med det vanka løfse, og for dei som var heldige kunne det bli ein smak av rosinkake som var kjøpt med bakaren.

Juletre var det ulike meningar om då nokre såg på dette både som avgud og gullkalv. Imidlertid hadde ikkje ho noko problem med å førestille seg Betlehemsstallen i ei gammal løde i eit nedsnøa urørt landskap, og nordlyset var englehærane.

Julegåver slik vi har i dag, har utvikla seg frå å vere nyttårsgåver som vart gjevne som ei påskkjøning til tenarane. Gåvene som vart gjevne var heimelaga nytteting.

Juleselskapa var mange i hennar barndom og oppvekst der bygdafolk, slekt og grannar kosa seg i lag i heimane.

Ho var også innom ølbrygging, og for mange var dette nesten som eit religiøst rituale. Brennevin var det lite av, men for den som hadde det, hende det at også ungane fekk seg ein klunk då dette vart sett på som medisin.

Nissen er ein kjend figur i juletida, og denne karen er ei blanding av gammal overtru, og nyare kommersialisme.

Overtrua gjorde også at dei i nokre heimar overnatta alle ilag i stova, julenatta.

Takk til Marie Lovis Widnes Johansen for eit interessant foredrag.


Møte 15. januar.

Etter velkomsthelsing frå presidenten song vi med liv og lyst, Eg veit ei lita jente. Presidenten tok fram frammøtestatistikken og meinte at frammøtet er jamt over bra.




Anders Riise som er dagleg leiar og kursinstruktør ved Aktiv Omsorg, som har ambulanseenestenesta for kommunane Hareid og Ulstein, hadde kveldens foredrag.

Foredraget handla om hjerte-lungeredning. Emnet er omfattande, men som første bod i ein krisesituasjon er det viktig å syte for at luftvegane er fri. Det gjer ein ved å ta tak under haka og bøye hovudet forsiktig bakover. Det er i mange tilfelle det som skal til slik at personen kan puste normalt. Det er også viktig å ta kontakt på telefonnr. 113 så snart som råd.



Dersom personen pustar normalt etter at frie luftvegar er etablert skal personen leggast i stabilt sideleie. Andres demonstrerte dette, og Johan Ole var prøvekanin.

Dersom normal pust ikkje er tilstades skal det straks startast med brystkompresjon. Det skal då takast 30 kompresjonar med ein frekvens på 100 stk pr. minutt. Anders demonstrerte dette på ei dukke, og han demonstrerte også korleis ein skal "stå" når ein gjer dette. Stillinga er viktig då dette er tungt arbeid. Etter kompresjonane skal det utførast to innblåsingar med munn til munn metoden. Etter den teoretiske gjennomgangen var det høve for medlemmane å få prøve brystkompresjon og innblåsing på dokker som Anders hadde med seg.



Førstehjelp er viktig. Det er ingen av oss som veit når vi vil kunne få bruk for dette.

Møte 22. januar.

Møtet denne kvelden var lagt til Ressurssenteret på Hareid. Rektor for senteret, Arild Grimstad, ynskte oss velkomne, og tok opp songen Mellom bakkar berg. Han meinte at verset Fram på vetteren stundom han tenkte... burde passe på ein kveld som denne, med snøbyer og vinterver.



For å orientere om Hareid Ressurssenter viste han oss PowerPoint presentasjonen som han også brukte då statsråd Bjarne Håkon Hansen vitja ressurssenteret fredag 19. januar 2007.

Hareid Ressurssenter er Hareid kommune sitt vaksenopplæringssenter, og vart etablert for 20 år sidan. Senteret gir opplæring både til norske og utanlandske borgarar.

Er du mellom 16 og 55 år og treng grunnskuleopplæring, så kan du få det på

Ressurssenteret. Sidan 1999 har det gått vaksne på kurs i norsk, matematikk, engelsk, naturfag og samfunnsfag. Dei som særleg har hatt behov, er innvandrarar som enten manglar grunnskuledokumentasjon eller har mangelfull opplæring frå heimlandet.

Innvandrarar som busette seg i landet etter 1.9.2005 er iflg. regelverket pliktige til å gjennomføre minst 300 timer med norsk og samfunnskunnskap.

Men alle vaksne nordmenn har og rett til slik opplæring. Dersom du meiner du har mangelfull grunnskuleopplæring, t.d. ikkje fått engelsk eller matematikkopplæring, kan du altså få det.

Det er i dag 14 tilsette ved senteret.

Ein av visjonane til Hareid Ressurssenter er: Læring gjer kvarldagen betre for vaksne.

Det er også oppretta interkommunalt samarbeid med kommunane Ørsta og Volda der ressurssenteret står for norskopplæringa for framandspråklege i desse kommunane i fire år.

Opplæringa er basert på 21 timer pr. veke med klasseundervisning, og 5 timer pr. veke med sjølvstudium.



Auditoriet til
Hareid Ressurssenter

Møte 29. januar.

Programfritt med nokre få opplysningar

Formann i klassifikasjonskomiteen Svein Johs. Flø oppmodar medlemmane til å melde inn forslag til nye medlemmar. Finn dei rette personane, så går det nok bra når det gjeld klassifikasjonen. **Forslag må vere inne innan 28. februar.**

Klubben manglar folk frå dei største bedriftene i Hareid. Ønskelig også at nokon av dei nye som måtte kome inn kan trakte pianoet vårt.

Sjå i matrikkelen eller i dei nye vedtektenes dersom ein er i tvil om retningslinjene når det gjeld invitering av nye medlemmar – eller spør...

Presidenten referere kort om framdrifta vedr. turstien og Sri Lanka prosjektet

Elles var det kaffi, vaflar og drøs rundt borda...